

**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT***Statsråden*

Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

19/1301-

Dato

19 JUN 2019

**Representantforslag 158 S (2018-2019) frå representant Bjørnar Moxnes -  
Om rettferdige og sosiale alternativ til bompengar**

Eg viser til representantforslag om rettferdige og sosiale alternativ til bompengar frå stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes tilsendt 29. mai 2019.

Denne regjeringa arbeider for å redusere bompengebelastninga for bilistane. Samstundes løyver regjeringa rekordstore beløp til veg og byområde. Utbygginga av norske vegar har aldri vært meir omfattande og vi sørgjer for godt vedlikehald av vegar slik at etterslepet går ned for første gong på fleire tiår. Dei siste fem åra har regjeringa redusert veksten i bompengar med nedlegging av bomstasjonar, reduserte takstar utanfor byområda og auka statleg andel i veginvesteringane. Etter at bompengereforma vart gjennomført er talet på selskap redusert frå 60 til 5 regionale bompengeselskap. Kombinert med omlegging til ny takst- og rabattstruktur gir dette ein forenkla og meir effektiv organisering og innkrevjing av bompengar.

Granavolden-plattformen er førande for dagens samferdselspolitikk. Nasjonal transportplan 2018–2029 (NTP) som er vedteke av Stortinget, dannar grunnlag for regjeringas prioriteringar. Det er på dette grunnlag ikkje aktuelt å stanse dei store vegutbyggingsprosjekta som er vedteke av Stortinget.

I Granavolden-plattformen varsler regjeringa at det skal bli mogeleg å trekke utgifter til bompengar av på skatten. I komande NTP arbeider regjeringa vidare for å redusere andelen bompengar i dei nye vegprosjekta. Eit oppdragsbrev er sendt frå departementet 11. januar 2019 til etatane. I brevet er det gjort klart at alle prosjekt som skal vere del av ny NTP skal vere nøye rekna på, med vekt på å finne fram til optimal bruk av ressursane. For at eit prosjekt skal tas inn i komande NTP må det vere gjennomført ei prosjektoptimerande

analyse. I tillegg skal etatane og verksemdene vurdere korleis ny teknologi kan effektivisere transportsystemet.

Regjeringa har dei siste åra auka bidraga til dei store byområda betydeleg for å setje dei betre i stand til å løyse utfordringane i transportsektoren knytt til klimagassutslepp, lokal miljøforureining og dårleg framkome.

I tråd med Meld. St. 33 (2016-2017) *Nasjonalt transportplan 2018-2029* bidreg staten mellom anna med eit 50/50-tilskot som dekkjer inntil 50 prosent av prosjektkostnadene for store fylkeskommunale kollektivtransportprosjekt i dei fire største byområda. Fornebubanen og ny T-banetunnel i Oslo og Akershus, Bybanen til Fyllingsdalen i Bergen, Bussveien på Nord-Jæren og Metrobuss i Trondheim er omfatta av ordninga. Tilskotet inngår som ein del av det statlege bidraget i byvekstavgiftane. Ein eventuell auke av tilskotet ut over 50 prosent må Stortinget ta stilling til i samband med behandlinga av ny Nasjonal transportplan.

I 2019 er det løyvd om lag 3,7 mrd. kr til belønningsordninga og bymiljø-/byvekstavgiftane. Av dette er over 3 mrd. kr tilskot til fylkeskommunale tiltak og oppgåver i form av belønningsmidlar og 50/50-tilskot. Staten legg også til rette for kollektivtransport, sykling og gange langs riksvegane som ein del av byvekstavgiftane.

Med helsing



Jon Georg Dale